



Lars Bjørn Lygre  
Lurevegen 1498  
5912 Seim

Unnateke off.  
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.  
ledd nr. 1

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1829 - 16/33634

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
08.12.2016

## Gbnr 58/7 Lygra indre. Løyving av SMIL middel til oppsett av gjerde.

Eigedom: Gnr.58 bnr.7 Lygra Indre  
Adr.: Lurevegen, 5912 Seim  
Type tiltak: Rydding av beite, oppsett av gjerde  
Søker: Lars Bjørn Lygre

### Saka gjeld:

Det vert søkt om tilskot til å sette opp gjerde og rydde attgrodd beite på eigedommen. Søkjaren har nyleg overteke denne eigedommen, som ikkje har vore i drift på fleire år. Søkjer eig frå før gbnr 58/2. Driftsforma er sau.

Det vert søkt om løyve til å sette opp nytt gjerde rundt heile eigedommen. Dette gjeld alt beite på nordaustsida av tunet, samt gjerde mot vege og mot nabo i sør sørvest for tunet/Lurevegen. Samla lengde er sett til 1105 meter. I tillegg skal en rydde beitemarka sørvest for tunet/Lurevegen. Omfanget er 6da.

Området er vakse til med lauvskog.

Samla er tiltaka kalkulert til kr.92000,-.

### Vurdering og vedtak:

Rydding og gjerding av gammal kulturmark er eit prioritert tiltak i tiltaksstrategien som gjeld for 2016 til 2019.

Innafor ramma av dei satsane som strategien har vedteke for gjerde og rydding, kan kostnadane det er søkt om godkjennast. Tilskotssatsen er 50%. Utrekna tilskot vert etter dette kr.46000. Arbeidsfristen vert i første omgang sett til 3 år frå 15/12-16. Det er høve til å søkje om lenging av fristen med inntil to år.

Området som skal ryddast ligg ned mot sjøen og er truleg gammal hagemark. Det hadde vore eit pluss for området om ein ved rydding kunne sett att tre på ein slik måte at preget av hagemark kan utviklast på nytt?

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket og i tiltaksstrategien for bruk av SMIL-midlar i Lindås kommune, løyver Lindås kommune kr.46000,- til oppsett av gjerde og rydding av beite på gbnr 58/7 Lygra indre. Arbeidsfristen vert sett til 15.12.2019.



### Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

### Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

### Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søkjar ( saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- Til utbetaling vil konto 9526.10.03598 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.

### Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

### Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
Landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

**Mottakarar:**

Lars Bjørn Lygre

Lurevegen 1498

5912 Seim